

Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Vår sakshandsamar
Amund Johnsrud, Norges Bondelag
+47 97 54 18 42

Vår dato
10.04.2023
Dykkar dato
10.01.2023

Vår referanse
23/00068-2
Dykkar referanse
22/26852-14

Forslag til beltepåbod for traktor. Felles høyrings svar

Dette er eit felles høyrings svar for Norsk landbruksrådgiving, Stiftelsen Norsk Mat, Traktor- og Landbruksmaskinimportørenes Forening og Norges Bondelag.

Landbruksnæringa i Norge er for nær alle praktiske føremål alt omfatta av eit beltepåbod sidan beltebruk for traktor under arbeid er regulert i *Forskrift om utførelse av arbeid*.

Vi er positive til at påbodedet nå vert gjort generelt for all køyring med traktor slik at det vert lik behandling av det, uansett føremål med traktorkøyringa. Med tanke på tryggleiken til føraren og mogleg passasjer, meiner vi det er målretta å utvide beltepåbodedet til køyring utanom arbeid, òg. Som det framgår av den statistikken som er presentert i høyringsbrevet, vil bruk av belte vere eit skadereduserande tiltak, også når traktoren er nytta til anna køyring enn i samband med arbeid.

Den som brukar traktor i arbeidet har i tillegg betre vilkår for å oppnå erfaring som traktorfører enn hen som bare brukar den i fritid eller til rein transport. I den siste brukargruppa har vi dessutan fleire unge og dermed uerfarne førarar, dvs. ungdom som køyrer traktor før dei kan få førarkort for bil. Vi meiner det er med på å understreke trongen for å utvide beltepåbodedet til å omfatte all køyring, ikkje bare under arbeid.

Ulukker med traktor som medfører personskade eller død er først og fremst ei tragedie for dei som vert råka direkte og deira nærstående. Samstundes er landbruket sterkt identifisert med traktorkøyring. Dermed blir ofte ulukker med traktor av ålmenta kopla mot landbruket, også når ulukkene skjer utanfor landbruket. Difor føler vi som er sterkast knytt til desse maskinene eit særleg ansvar for å få redusert ulukkesrisikoen ved all traktorkøyring, uavhengig av om den skjer i næring eller ved annan bruk. Og difor gir vi sterk støtte til den foreslåtte endringa.

I høyringsbrevet er det skissert to alternative reguleringar:

1. Regulering som bare pålegg bruk av belte i traktor med førarvern
2. Regulering som samstundes pålegg montering av setebelte i traktor med førarvern som er utstyrt med feste til setebelte.

Vi tilrår å velje alternativ 2. Då vert kravet også mest likt det som gjeld for traktor i arbeid, og det er ein godt innarbeidd praksis.

Vi er samde med SVV i dei unnataka frå påbodedet som ein foreslår.

Dei ei er grunnleggjande i praktiske og medisinske tilhøve som vi meiner er relevante å ta omsyn til i denne saka.

Avslutningsvis vil vi peike på at ved å heimle dette påbodet i forskrifta om bruk av personleg verneutstyr under køyring med motorvogn, får vi framleis ei splitting mellom vegtrafikklov og forskrift om utføring av arbeid. Det er i utgangspunktet uheldig, all køyring på offentlig veg kunne med fordel vore heimla i vegtrafikklova. Dermed kunne *arbeid* vere alt anna som ikkje er køyring på veg.

Beste helsing

Elektronisk godkjent, utan underskrift

Jogeir Agjeld
Norsk landbruks-
rådgiving

jogeir.agjeld@nir.no

Bjørn Hvaleby
Stiftelsen Norsk Mat

bjorn.hvaleby@matmerk.no

Frode Dahl
Traktor- og Landbruks-
maskinimportørenes
Forening
frode.dahl@felleskjopet.no

Simen Solbakken
Norges Bondelag

simen.solbakken@bondelaget.no